



# FYLKESMANNEN I ROGALAND

## Miljøvernavdelinga

Vår ref.: 2004/15552  
Arkivnr.: 432.4

Dykkar ref:  
Vår dato: 08.02.2006

Jamfør adresseliste

### Godkjenning av forvaltningsplan for Nord-Talgje naturreservat

Sakshandsaming og høyring av forvaltningsplan for Nord-Talgje naturreservat vart samordna med verneplanen for området, jamfør utsendt planutkast Fylkesmannen i Rogaland, 2003: Plan for vern og forvaltnings av Nord-Talgje naturreservat, Finnøy kommune.

I si tilråding til fredningsvedtak av 26.11.2004 skriv miljøverndepartementet (s. 14):  
*Fylkesmannen vil etter at avgrensing og fredningsforskrift er fastsatt ved kongelig resolusjon, vurdere forslaget til forvaltningsplan på nytt, herunder innhente evt. ytterligere kommentarer frå grunneierene og kommunen.*

Fylkesmannen er godkjenningsstyremakt for forvaltningsplanar i naturreservat, jfr. DN-handbok nr. 17 – 2001.

I vårt brev av 04.11.05 til alle høyringspartar gjorde vi greie for dei endringane av vernegrensa og fredningsforskriftene som vart gjort etter lokal høyring av planen og fram til og med fredningsvedtaket. Desse var følgande:

Vernegrensa vart endra i nord-aust som følgje av tilpasning til alternativ 1 c for fylkesveg Nord-Talgje – Tjul. Dette inneber 3 % reduksjon av verneareal (36 daa sjø, 24 daa land) i høve framlegg til forvaltningsplan.

Fredningsforskriftene vart endra på fleire punkt, jfr. side 12 – 14 i MD`s tilråding:

*Organisert bruk, arrangement og friluftsliv (§3 pkt. 6): Forbodet mot organisert bruk vart teke ut. Forbodet mot ulike større arrangement vart stående, men med høve til å søke om dispensasjon (§ 5 pkt. 6).*

*Skjøtsels- og forvaltningsoppgåver: Her vart utkastet til § 4 pkt. 1 og 2 slått saman, utan vesentleg endring av innhaldet.*

*Beiting: Her vart utkastet til § 4 pkt. 3 og § 6 slått saman til ny og meir klargjerande § 4 pkt. 2:*

*Reglane i § 3 er ikkje til hinder for: Beiting. Direktoratet for naturforvaltning kan av omsyn til fredningsføremålet ved forskrift regulera beitetrykket i heile eller delar av naturreservatet.*

*DN finn i den samanheng grunn til å understreka at dagens beiting er positivt i høve fredningsføremålet.*

Postadresse:	Besøksadresse:	Telefon:	e-post:	Landbruksavd.	Telefon:
Postboks 59 4001 Stavanger	Lagårdsv. 78 Stavanger	51568700 51568811	postmottak@fmro.no Hjemmeside: www.fylkesmannen.no/rogaland	Lagårdsv. 80 Postboks 59 4001 Stavanger	51568700 Telefaks: 51568811

*Kraftliner: Her vart utkastet til § 4 pkt. 11 noko meir detaljert utforma i tråd med standardisert regelverk. Samstundes vart det innført eigen dispensasjonsheimel i § 5 pkt. 7 for oppgradering/fornying av kraftliner.*

*Kystverket sine anlegg: Her vart fylkesmannen tilrådde regel under § 5 harmonisert med nasjonal standard, jfr. § 5 pkt. 5. Miljøverndepartementet syner til at ved behov for akutte tiltak (til dømes i samband med skipsulykker) vil naudsynt infrastruktur kunne etablerast raskt og utan søknad for tiltaket, men med varsling snarast råd i etterkant.*

*Fiske, jakt og fangst: Her vart § 4 pkt. 13 endra slik at ”fangst” inngår som tillate. Framlegget om ”sanking av kråkeboller” vart stroke. I tillegg vart lakse- og innlandsfiskelova teken inn i og med at ein eide dom har fiskerett med laksenot.*

*Havbeite, herunder utsetting og gjenfangst av naturleg tilhøyrande artar (til dømes hummar og kamskjell) vil vere tillate dersom tiltaket ikkje endrar naturmiljø i området.*

Vi satte frist til 23.12.05 for eventuelle ytterlegare merknader eller spørsmål til forvaltningsplanen, og varsla deretter godkjenningsvedtak for planen.

Vi har innan fristen ikkje motteke nokon form for ytterlegare merknader til planen.

#### Godkjenning

Fylkesmannen i Rogaland godkjenner med dette ”Forvaltningsplan for Nord-Talgje naturreservat”, med dei konsekvensene for forvaltninga som følgjer av endringane i reservatgrense og fredningsforskrift nevnt ovanfor.

Grunneigarar eller andre med ”rettsleg klageinteresse” kan påklaga dette godkjenningsvedtaket til Direktoratet for naturforvaltning innan 3 veker frå motteke brev, jfr. forvaltningslova kap. VI. Eventuell klage skal sendast om Fylkesmannen i Rogaland, Miljøvernavdelinga.

Med helsing

Odd Kjos-Hanssen  
fylkesmiljøvernsjef

Per Kristian Austbø  
naturforvalter

Saksbehandlar: Per Kristian Austbø  
Saksbehandlars telefon: 51 56 89 10  
E-post: per.kristian.austbo@fmro.no

Vedlegg: Adresseliste lokale høyringspartar

Kopi til:  
Direktoratet for naturforvaltning Tungasletta 2 7485 Trondheim

